



Uskedalsjenta Ronya Lakselv var på Slush – kurs i Åkra i helga. Dette er Sundagsskolen sitt hjelpeleiar kurs for 10–14åringar. SLUSH = Sprell levande unge sundagsskulehjelparar. Ho hadde det kjempekjekt.

. Sundagsskulekonsulent Elisabeth Fauskanger var sjef for kurset. Marlinn og Ingrid Inntveit frå Herøysundet var og` med frå vår sundagsskule. Så var der 8 jenter frå Åkra. Vi var 12 stykke som overnatta på eit rom på Åkra Bedehus. Vi lærte masse kjekt; basis bibelkunnskap, samarbeidsøvingar, kunnskap om sprell levande, ulike aktivitetar og mykje meir.

På Familiesamlinga på sundag ønskte Ronya alle velkomne, vi alle hjelpeleiarane deltok med to songar, nokre viste dokketeater, vi alle viste fram supersetninga som vi lærte og så fekk alle hjelpeleiarane kursbevis og lommebok.

Supersetninga var "Den vesle Bibel", Joh. 3.16. "For så elska Gud verda at Han gav Son sin den einborne, så kvar den som trur på Han ikkje skal gå fortapt men ha evig liv".

På biltaket mitt målte eg 21 cm snø, så dei unge hadde det kjempegøy i akebakken bak Åkra skule.

No på laurdag er det Laurdagsskule Graut = SANT på Uskedalen Bedehus kl 13 – 14.30. Då er De alle velkomne og då får du sjå noko av det vi lærte på hjelpeleiar kurset!

Gå inn på Lag og organisasjonar her på uskedalen.no / sundagsskulen. Der kan dokkelese vår-programmet for Herøysund og Uskedalen sundagsskule.

Nelly Oline Kjærland

